Ny siger til Stord 1

11.08.2010

Vertshuset-vert Morten Nilsen med Stord I: Kristian Bringedal, Marit Hjønnevåg, Anita Enæs og Øystein Enæs. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Stord I sikra seg ein ny siger i quiz-stafetten på Vertshuset og resultatet på 67 poeng var svært imponerande. Laget leia frå start til mål.

Men eit nytt lag, som kalla seg Stølen, var ikkje meir enn 6 poeng etter. Dei var ikkje minst skarpskodde i musikk-bolken der dei fekk 15 poeng.

På tredjeplassen med 57 poeng kom laget Byggmester Stensletten, som har vore med før, Ein annan nykommar kom på fjordeplassen, Det var laget Wikipedia som nådde opp i 53. Fleire enn dei 4 laga var det ikkje denne gongen og det er tydeleg at det nærmar seg slutten på sesongen. Men det blir ein ny og siste runde neste onsdag.

Samla sett har dette tiltaket vore ein fulltreffar i ein ellers god sesong for Vertshuset og det er all grunn til ny satsing på quiz også neste sesong - eller kanskje før?

Anten det stiller få eller mange lag har spørsmålsmakarane den same jobben og Torfinn Myklebust og Morten Nilsen hadde gjort ein god jobb også denne gongen, med allsidige nøtter som ikkje var for vanskelege. Spørsmåla var prega både av stor allsidigheit og aktualitet.

Det plar knytta seg stor spenning til den aller siste runden, den såkalla tiaren, men denne gongen fekk alle lag full klaff etter første stikkord.Med andre ord visste alle kva som startar i dag og er knytt til religion!

Av Ola Matti Mathisen